

# Med storbåra som næraste nabo

Med storbåra som nær nabo og haustblesten på flittig vitjing, steller Ole Ullahammer seg sjølv på Ulla. Den 95 år gamle tidlegare fiskaren og bonden bur åleine på kjøkenet i det elles så store huset.

Johan Behrentz

– Det er tullete å varme opp heile huset når eg berre har meg sjølv. Her har eg alt eg treng; seng og mat. Om morgonen strekkjer eg berre ut handa og slår på omnen. Eg har vore ein økonom alle mine dagar. Frå kjøkkenvindaugen har eg god utsikt, seier den spreke pensjonisten. Ein gong i veka har han heimehjelp, og av og til stikk dottera frå Alesund innom. Så ofte som han har høve til det, er han ute og spaserer langs vegen der han allereie som seks-åring sprang som telefon- og telegrambod heilt ut til Ullafyret.

## Telefonbod

– I mange år frå 1908 var det berre ein telefon på Ulla. Vi overtok rikstelefonen i 1911, og det var ofte mi oppgåve å springe til naboar og andre i bygde med bod om telefon. Ingen var så godt kjent i heimane som eg. Ikke sjeldan måtte eg springe den eine kilometeren ut til Ullafyret, der fyrvaktaren måtte i båt for å høre kva eg ville. Så fekk han telegram eller vart med attende til Ullahamma-

ren for å ringje opp att, minnest den vitale 95-åringen. Ole fekk 20 øre for slikt bod, og det kosta 15 øre for telefonperioden. 35 øre måtte telefongjestane heime i stova til familien Ullahammer betale. Når det var mange fiskarar på land i helgane, var det ofte kø for å vente på å få telefonere, seier Ole Ullahammer. I 1923 fekk dei elektrisk straum.

## Levande historiebok

Han er som ei levande historiebok, Ole Ullahammer. Få kjenner detaljane så godt som han, om livet på Ullahammaren i gamle dagar. Han minnest trankokeriet og folk frå Sykkylven og Stranda som kom for å kjøpe lever. Sjølv var han før konfirmasjonsalderen med på oppmålinga av is, som fiskarane nyttar får å bevare fisken. Han hugsar fiskee-sport og folkeliv. Knut Svendsen var sjefen på fiskebuda. Han hugsar båtar som rudde ut mot havet med passasjerar som gjekk på skutene nord- og sørover.

Einskilde rodde til og med til Trondheim og attende. Brennevinutsalet var det



Ole Ullahammer (95) har god utsikt mot storbåra frå kjøkkenvindaugen sitt på Ulla.

slutt på før Ole si tid, men sjøfolk var ikkje alltid like stø på beina etter turar til Trondheim.

– Forretningsmannen Johan Løeg, opphavleg frå Valderøya, var ugift og spelte om pengar. Ein gong stal ein

unggut frå pengepotten, og Løeg oppdaga det. Då sette han opp ei øks over døra, og ba alle om å gå igjennom.

## Bygde renne

– «Den øksen faller over er skyldig», sa Løeg. Ungguten var ikkje sein om å kaste frå



– Kvifor skal eg varme opp eit helt hus når eg er åleine? Spør Ole Ullahammer, som bur åleine på kjøkenet sitt med seng og oppvaskbenk, der han steller seg sjølv.

seg pengane og stryke på dør, minnest Ole Ullahammer og smiler. Løeg bygde også eit fyrtårn ved vegen til vegvisar for dei sjofarande på veg inn den grunne Longvafjorden. I 1880 fekk folket på øyane løyvd 27.568 kroner for å grave ut ei renne i sjøen aust for Ullaholmen. På den måten slapp folket å reise rundt det ofte verharde området ved Ullaholmen når dei skulle ut og fiske. I åra før ho vart bygd, hadde mange fiskarar årleg omkomme utanfor Ullaholmen, der havet står rett på. Renna, som på det meste var 1,7 meter djup og 15 meter brei, var ferdig i 1884. Renna vart tatt att då moloen til Ullasundbrua vart laga.

– Om sommaren er det meir liv her. Det er mange feriegjester å snakke med. Om vinteren kan det verte litt keisamt når veret ikkje tillet meg å gå ut. Eg har det godt ved vindaugelet på kjøkenet. Her er godt og varmt. Før vart det mykje strev. Mor mi var først oppe for å tenne i omnen. No skrur eg berre på ein brytar. Elektrisitetet må då vere den største oppfinninga? meiner Ole Ullahammer.

## Einsamt om vinteren

Ole Ullahammer han voks opp var det mellom 150 og